

## Utfordring knytt til samarbeid om felles forsamling.

SMF vedtok i årsmøte 2018 at ein ønskte å flytte forsamlinga ned til Førde. Ein snakka då ikkje direkte om modell for flytting, men i slike termer var det nok meir snakk om ei relokalisering. Samtidig såg ein det som naturleg å vurdere samarbeid med andre, og ein ville då gjerne hamna i retning av replanting som modell for å sikre eit likeverdig samarbeid.

Etter Normisjon regionalt kom inn med ønske om samarbeid, er det nok rett å seie at SMF har jobba ut frå modell om replanting utan at dette har vert brukt som begrep. SMF ønskte å være med på bygge ei ny forsamling i samarbeid med Normisjon då ein hadde tru for at dette ville gagne Guds rike i Sunnfjord. NLM og Normisjon har mykje til felles og her i Sunnfjord har ein og ekstra mykje til felles spesielt med tanke på ei ungdomsgruppe som er tilhøyrande og deltakande begge plassar. Ein såg ikkje at det vil være tenleg å ha fleire forsamlingar med elles mykje likt. Ein har sett faren for at det kan føre til ein uheldig «konkurranse» og unødig ressursbruk med fare for å slite folk ut.

### Nyplanting versus replanting

- Kva er egentlege dei kritiske faktorane i dei ulike modellane som gjer at det ikkje går å tenke ei mellomløyising?
- Er det mogleg å klare å finne ein arbeidsmetode som varetek både det nyskapande og noko av den bagasjen ein ser er tenleg å ikkje bygge på nytt?

Hovudgrunn for å tenkje nyplanting er gjerne med utgangspunkt i at det ikkje er noko fellesskap i området frå før, eller at det held på å dø ut. Samtidig som ein ønskjer å bygge noko nytt med ny kultur som er framtidsretta.

Om ein skal plante noko nytt utan vidare påverking av satte kulturar og tradisjonar vil ein frå start normalt bruke mykje tid og ressursar på å skape denne kulturen i og med noko få personar. Truleg vil ein bruke år på å bygge denne kulturen og sakte søke å få nye medlemmar inn.

Replanting tilseier at ein har eit arbeid frå før, der ein har eit fellesskap frå før, men ein ser ein treng nytt fokus og ny kurs. Fellestrekket her vil då være at ein det er behov for å bygge kultur, men med ulikt utgangspunkt. Ein har gjerne ei større gruppe frå start enn kva ein vil ha ved nyplanting. Ein har og gjerne nokon oppgåver og tenester det vil være naturleg søke å oppretthalde.

Ved å følgje eit reint nyplantingsopplegg vil det være svært vanskeleg å gjennomføre dette med å ha eit eksisterande fellesskap som del nyplantinga. Ei replanting tar utgangspunkt i noko eksisterande. Det hadde kanskje vore lettare å tenke replanting om begge partar hadde ei forsamling å ta utgangspunkt i.

### Utfordring/meiningar/spørsmål som kom opp i diskusjonen

- SMF ser ikkje at ein har ressursar både til å være med å starte ny forsamling og samtidig oppretthalde den aktiviteten ein har. Ein ser faren og for at det vil kunne være med å splitte forsamling, noko som risiko for forsamlinga både på Skilbrei og nye i Førde.
- SMF synest det er vanskeleg å sjå korleis ein skal kunne delta delvis og ikkje fullt i ei ny forsamling.
- Ein er tydeleg på at det er viktig å være framoverlent å tørre å satse på nye ting for å ikkje dø ut.
- SMF meiner det er rett å satse på forsamling i Førde sentrum og med det ikkje ha forsamling på Skilbrei.

- Det vart stilt spørsmål om kva laster ein siktar til som er vil være problematiske? Dette spørsmålet klarte vi ikkje å lande gode svar på.

#### *Spørsmål/kommentarar frå dei unge, unge-vaksne*

- Er ungdommane/unge vaksne var spurt om kva stil/uttrykk dei ønskjer?
- Vil eit fokus på unge vaksne føre til at det først og fremst er tenkt av og for unge vaksne? Dette var eit punkt der det var knytt bekymring til. Dei unge vaksne i SMF ser ikkje at dei åleine kan drive ei forsamling. Det var tydelege tilbakemeldingar om at dei ønsker å være ein del av ein storfamilie og når det kjem til aldersspreiing.
- Om ein skal skape eit ungt/voksen uttrykk. Er det då dei rette personane som sitt med ansvaret for å få det til?
- Unge i dag har i liten grad tilknytning til misjonsorganisasjonane. Viktig at forsamlingane er med å bygge organisasjonstilhørighet.

### **Konklusjon**

Ein har gjennom det siste halvanna året jobba mykje for å få til eit nytt felleskap, sjølv om ein no ser at ein ikkje har vert på heilt på same veg. Samtidig har det blitt skapt ein engasjement og sterkt ønske om å få til ei forsamling i Førde. Både Normisjon og NLM er tydelege på at ein ønskjer å opprette forsamling i Førde.

I og med begge organisasjonane er tydeleg og klare for å starte forsamling i Førde, har SMF tru for at det vil være det beste å få til ei forsamling i Førde som eit samarbeid i istaden for å ha to forsamlingar. Faren er stor for at det vil være meir skadeleg enn fordelar å søke å danne to forsamlingar, som tilsynelatande vil strekke seg mot mykje same folk.

For å kunne gå vidare med samarbeidet vil det klart være behov for å finne ein veg vidare som ein kan einast om. Det vil være nødvendig å bruke tid på både å finne ein tenleg veg for å bygge forsamling, samt sikre at ein er einig om både veg og mål. Så vil det nok være behov for å bruke meir tid til på å bygge gode relasjonar og band mellom samarbeidspartane.

SMF trur det vil være klokt å ikkje starte opp felles forsamling før ein har landa modell for vidare oppbygging av felles forsamling. Samtidig er det gjort eit godt stykke arbeid av Prosjektgruppa som kan nyttast vidare. SMF har tillit til prosjektgruppa og medlemmane i den.